

Vedlegg 1 - Utdjuping av forslag til vedtakspunkt om kulturminne:

1. Gamle Vossebanen, (Askeladden id. 229139). Anlegget er eit særskilt viktig samfunnshistorisk og teknisk kulturminne, der samspelet mellom landskapet bidreg til unike opplevingsverdier. Tilsvarande gjeld for anlegget som ikkje er freda. Eit aspekt Vi ber om at det leggjast inn eit større område rundt det freda anlegget som markerast med omsynssone c) bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H570). For best å sikre kulturminnet bør det liggje i arealføremål som ikkje kjem i konflikt med verneføremålet, vi ber difor tiltakshavar om å vurderer omfanget av rigg- og anleggsområde nær det freda anlegget. Følgjande tekst bør innarbeidast i planen:

«Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570) Omsynssone c for bevaring av kulturmiljø. Nye tiltak skal ivareta omsynet til det freda jernbaneanlegget i området. Saker som gjeld tiltak innafor omsynssona både permanente og i anleggsfasen, skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser».

2. Vestland fylkeskommune ber om at Gamle Vossebanen som ikkje er freda gis omsynssone kulturminnemiljø (H570), då den har nasjonal og høg regional verdi. Den ikkje freda delen av jernbaneanlegget som ligg innafor planområdet bør visast som omsynssone kulturminnemiljø. Følgjande tekst bør innarbeidast i planen:

“Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570) Nye tiltak skal ivareta omsynet til det historiske jernbaneanlegget i området. Saker som gjeld tiltak innafor omsynssona, både permanente og i anleggsfasen, skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser.”

3. Vestland fylkeskommune ber om at delen av Christiania postveg som ligg i planområdet gis omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande føresegns. Postvegen er statleg listeført og har nasjonal verdi og høg regional interesse. I kommuneplanen sin arealdel for Bergen kommune er den òg lagt inn med omsynssone for bevaring kulturmiljø (SOSI-kode H570) med tilknytte retningsliner i føresegnsene. Postvegen har følgt ulike trasear gjennom Arna. Den eldste traseen ført over Borgaskaret men blei seinare bytta ut til fordel for ein trasé som følgde Arnadalen. Dei ulike generasjonane av postvegtraséane er i stor grad angitt som omsynssone i kommuneplanens arealdel, også der opphavelege vegfar er. Følgjande tekst bør innarbeidast i planen:

Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570)

“Heile det historiske veganlegget innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjøre skade på vegfaret eller endra vegen sin karakter er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen.”

4. Mellombels kaianlegget ved Romslo er omfattande, godt synleg og føre til skjemming av det freda Havråtunet (Askeladden id. K12). Det er difor viktig at ein i føresegna sikrar at anlegget blir fjerna og tilbakeført etter at anleggsarbeidet knytt til planen er gjennomført.

5. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Vaksdal sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfylt.

6. Vaksdal mølle er eit teknisk-industrielt kulturminne som innehar høg nasjonal og regional kulturminneverdi. På starten av 1900-talet var Vaksdal mølle det største møllebruket i Skandinavia. Røygata er eit viktig element i anlegget, som må få ein heilskapleg dokumentasjon før delar av denne vert øydelagd. Restar bør bevarast så langt som råd som historiske element i landskapet, og bli gitt omsynssone H570.

7. Fossmark er eit godt døme på ein vestnorsk fjordgard der ressursane har vore marginale, men likevel svært godt utnytta. I tillegg ligg det to parallelle jernbanelinjer, både ein opphavleg og autentisk strekning av Vossebanen frå 1883 og ein nyare del av Bergensbanen i området. Ved ny bruk av baneanlegget er det viktig at kulturminnemiljøet blir sikra, då det har høg opplevingsverdi og lesbarheit.

8. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Stanghelle sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfyllt.

9. Vestland fylkeskommune ber om at ein utgreier alternativ for vidare bruk av stasjonsbygga på Stanghelle, Vaksdal og Trengereid, som ivaretak dei verneverdige bygga.